

SUNDAGSORD

Tankar i møte med preiketekstane i andre tekstrekke

1. søndag i advent

Luk 4,16-22a

Ny runde

Første søndag i advent startar det nye kyrkjeåret. Dermed er me i gang med ein ny runde med bibeltekstar som skal losa oss gjennom kyrkjeårstider og høgtidsdagar.

Det heile startar med at Jesus sjølv står i synagoga i heimbyen Nasaret og ropar ut eit nådeår frå Herren:

*Herrens Ande er over meg,
for han har salva meg
til å forkynna ein god bodskap for fattige.
Han har sendt meg for å ropa ut
at fangar skal få fridom
og at blinde skal få sjå,
for å setja undertrykte fri.*

Tekstrekka som styrer kva det skal preikast over kva søndag gjennom året er meir enn ei rekkje med tekstar. Tekstrekka er pulsen i kyrkja sitt liv, ei elv av godt nytt. For om ein skulle ha høyrte tekstane aldri så mange gonger før, så representerer dei alltid noko nytt, rett og slett fordi dei møter oss på ein ny stad i liva våre. Mange av bibeltekstane gjev til dømes ny meining for oss i ramma av den pandemien me er inne i no, og då tenkjer eg ikkje berre på bibeltekstane som omhandlar sjukdom og pest. Kva vil til dømes eit nådeår frå Herren bety, der me er nettopp no? I det siste har eg lurt på om det midt i alt det elendige som pandemien steller til for oss, også kan vera noko å læra. Kanskje vert nokre av dei skjulte og mindre heldige sidene ved samfunnet vårt no avslørte, slik at me kan fri oss frå dei i neste omgang? Kan første søndag i advent gje oss håp om at etter pandemien ventar eit nådeår, der menneske vert sette fri?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 27. november 2020

2. søndag i advent

Luk 21,27-36

Guds rike er nær

Det er ikkje uvanleg å føla at Gud er langt borte. Då er det godt å vita at det ikkje er kjenslene våre som i realiteten avgjer distansen mellom oss og Gud.

Når det i Bibelen vert gjenteke fleire gonger at Guds rike er nær, så har det ei dobbel tyding. Guds rike er nær i avstand, her og no. Det er i ferd med å bryta igjennom. Me ser det allereie i glimt kvar gong det gode sigrar over det vonde. Samtidig er det nært i tid. Me lever i dei siste tider. Teikna på det er mange, seier Bibelen, både dei gode teikna på gudsriket sitt gjennombrøt, og dei meir skremmande teikna på at jorda er forgjengeleg.

Men ingen kjenner dagen og ingen kjenner timen når Jesus skal koma att. Dei siste tidene er tida frå Jesus kom til jorda første gong og fram til han skal koma att. No har det gått over 2000 år. Om det no er snakk om dagar eller tusenvis av år, veit ingen. Og uansett, for Gud er tusen år som ein dag, og ein dag som tusen år. Men uavhengig av om Jesus skulle koma i vår generasjon, eller om han dryger, så er me alle ein dag nærare vår eigen død kvar kveld. Det skal me ikkje uroa oss over. Jesus seier beint ut at den dagen blir me sette frie.

Samstundes skal håpet om det evige livet heller ikkje gjera oss likesæle overfor det livet me lever no. Gudsriket sitt gjennombrøt i vår verden i dag skjer ikkje minst gjennom menneske som kjempar for rettferd, fridom og forsoning. Så lat oss gjera det som er godt, så lenge me lever her, i trygg visse om at Guds rike er nær både på den eine og den andre måten.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 4. desember

3. søndag i advent Luk 3,7-18

Kva skal me gjera?

Johannes døyparen var ikkje den som tok på folk med silkehanskar. Han kalla ein spade for ein spade, og kvitte seg aldri for å peike ut kritikkverdig livsførsel. Sjølv levde han i øydemarka, gjekk rundt i ei kamelhårskappe og åt grashopper. Men om han var aldri så streng og hard i kantane, så var det noko ekte og sant i alt han sto for og forkyste som gjorde at folk strøyme til for å høyra han, og for å bli døypte av han.

«Kva skal me gjera?» spurte folk han, og ein kunne kanskje ha forventa at ein eremitt som Johannes døyparen då ville be folk om å trekke seg unna alt som kunne lukte av verdsleg liv. Men Johannes døyparen hadde ein heilt annan bodskap, ein bodskap om å tena Gud der ein er med det ein har. «Den som har, skal dele med den som ikkje har». «Ikkje misbruk posisjonen din, men bruk han til å gjere det som er godt, rett og sant».

Hos Johannes døyparen var det ikkje så mykje nåde å spore. Der var det omvending og gjerningsrettferd for alle pengane. Men så skulle han også berre stå på scenen ei kort men viktig stund i overgangen mellom den gamle og den nye pakta. Difor såg også Johannes døyparen det som si viktigaste oppgåve å peike på han som skulle koma med evangeliet.

Og om *me* i vår tid skulle få høve til å spørja Johannes døyparen om kva han meiner *me* skal gjera, så ville han nok svara det same i dag som den gongen: Ten Gud der du er med det du har, og vent på han som kjem med nåden!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 11. desember

4. søndag i advent

Luk 1,39-45

No er det like før

Når me går og ventar på noko, er det som om tida går seinare enn elles. Av og til er det til og med slik at det kjennest som om tida går seinare og seinare jo nærare ein kjem det ein ventar på. Ikkje minst kan det vera slik for den som går og ventar på ein barnefødsel. Men andre gonger kan det vera beint motsett. Ikkje minst kan det vera slik når fokuset vårt er alt me må rekka før det som me ventar på kjem. No om dagen, til dømes, er det nok ein og annan som har så mykje dei berre må ha gjort før jul, at det verkar som om tida berre akselererer fram mot julekvelden.

Eg veit ikkje om du er blant dei som synest at tida berre går seinare og seinare fram mot jul, eller om du er av dei som er midt i julerushet og skulle ønskt deg nokre adventsdagar til. For julefreden si skuld er det nok godt at lengda på adventstida ikkje er noko me kan forhandle om. Ikkje minst trur eg det kunne vorte store generasjonsmotsetnader ved ei slik forhandling. Nei, jula kjem når ho kjem. 24. desember kl. 17.00 startar kyrkjeklokkene med å ringje jula inn, og når dei stilnar kl. 18.00 så er det helg, anten du er klar for det eller ikkje.

For Maria var nok ventetida ei blanda kjensle. Trass i ung alder og spesielle forhold rundt graviditeten, så var ho nok veldig klar for å få møta barnet sitt og lagt det i armane sine. Samstundes hadde ho nok ikkje så reint lite uro knytt til ein fødsel som kunne koma til å skje medan dei var på reise.

Adventstid er ventetid, og no er det like før. Kanskje er det ikkje så dumt å bruka litt av dei siste dagane til å sortera kjenslene. Kva er det eg gler med til, og kva er det eg guarar meg til? Kanskje forstår eg då litt meir både av jula og av meg sjølv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 18. desember

Julaften

Luk 2,1-20

Ei stor glede!

Noko kan me alle læra av den første julekvelden i Betlehem: Ekte glede kan oppstå heilt utan glitter og stas, heilt utan ytre rikdom og heilt utan heiarop frå dei store folkemengdene! Dei fattige gjetarane var ikkje mindre glade enn vismennene frå Austerland. Men aller gladast var nok dei to nybakte foreldra som hadde kjempa seg fram dei 13 mila frå Nasaret opp til Betlehem i uro over korleis dette skulle gå. No, for ei stakka stund, kunne dei senka skuldrene og sjå på det vakraste barnet dei nokon gong hadde sett. Slikt sett var ikkje Maria og Josef annleis enn andre foreldre.

Det er ingen grunn til å romantisera rundt fattigdommen og dei krevjande livsvilkåra som Jesus vart fødd inn i. Er det noko Gud vil me skal kjempa i mot, så er det fattigdom, classeskilje og maktmisbruk. Men når verda først var blitt slik, så var nok Gud aldri i tvil om kvar underet skulle skje: Midt i fattigdommen, like utafor døra til dei som ikkje ville ta i mot han måtte det skje!

Gud var heller aldri i tvil om kven som først skulle få høyra om den store gleda: Ingen var den gong lågare på den sosiale rangstigen enn gjetarane på marka. Det var klart at dei måtte få høyra det først! Men, heldigvis for mange av oss, så stoppa det ikkje der. Til og med dei som hadde råd til å kjøpa dyre gåver fekk høyra om den store gleda. Men vismennene frå Austerland måtte finna seg i å stilla seg bak gjetarane i køen.

Ekte glede kan altså oppstå heilt utan glitter og stas. Ja, nokre gonger er det kanskje til og med lettare å få auge på den ekte gleda når ho ikkje er pakka inn i alt som glimar og som kostar pengar. Ekte glede er ikkje noko me kan skape oss sjølve. Gleda kjem til oss! Men om me ikkje kan skapa vår eiga glede, så kan me like fullt skapa glede for andre, og det er utan tvil slik Gud vil det skal vera.

Denne jola vert annleis for mange. Ein pandemi og alle konsekvensane den har, skal me definitivt ikkje romantisera over. Men kanskje kan denne spesielle jolehøgtida medføra at me ser den ekte gleda litt tydelegare?

Glad jol til alle i grendene i Vest-Telemark!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad tysdag 22. desember 2020

Nyttårsaftan

Joh 14,27

Guds fred

Fred er eit av desse orda som nok ikkje er så eintydige som me først tenkjer oss. For den første assosiasjonen dei fleste av oss får når nokon snakkar om fred, er vel draumen om at all krig og strid må ta slutt. Difor kan me for eksempel seie at freden kom til Noreg 8. mai 1945. Det er sjølv sagt ikkje feil, men det seier likevel ikkje alt. For sjølv om den etterlengta freden etter andre verdskrigen kom til landet denne vårdag, så var det ikkje slutt på all ufred og strid i kongeriket av den grunn. Interessekonfliktar, verdikonfliktar, klassekonfliktar og mykje meir kunne vore ramsa opp. Noko av dette har skapt dynamikk og ført landet framover, men mykje av det har også til tider skapt unødvendig ufred og fiendskap.

Djupast sett er likevel ikkje spørsmålet om fred eller ufred knytt til ytre tilhøve, men til det indre i kvart menneske. For eit menneske som har det aldri så godt materielt sett, kan likevel vere hardt plaga inne i seg. Og eit menneske som lever under svært krevjande forhold kan også finne fred, på trass av ytre omstende. Indre fred har noko med harmoni å gjera, noko med å vera i takt med seg sjølv og sine eigne verdiar, men også å vera i kontakt med noko som er større enn ein sjølv, noko som kan få ein til å sjå vidare, ut over seg sjølv, og ikkje minst noko som kan gje ein håp.

Det er denne freden Jesus gjev løfte om når me på nyttårsaftan les hans eigne ord:

Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad tysdag 29. desember 2020

2. søndag i openberringstida

Mark 1,3-11

Dåp og omvending

Openberringstida i kyrkjeåret er ei tid for å bli meir kjent med Jesus, kven han er og kva han utrettar. Denne søndagen møter me Jesus når han oppsøker døyparen Johannes for å bli døpt av han i Jordan. Mange har stussa på at Jesus stilte seg opp i køen av alle som ville venda om frå syndene sine og la seg døypa av Johannes. Var det ikkje slik at Jesus var syndfri? Skulle han trenga ein omvendingsdåp? Når Jesus stiller seg opp i køen av menneske som vil venda om og la seg døypa av Johannes, så er det ikkje fordi han treng omvending, men fordi han på denne måten ønskjer å markera at han solidariserer seg med vanlege menneske og våre kår. Seinare skal det visa seg at denne solidariseringa går så langt at han tek på seg vår skuld og forsonar oss med Gud ved at han døyr på krossen.

Difor er dåpen som den kristne kyrkja annleis enn den Johannes dreiv med i Jordan. I den kristne dåpen er det den treenige Gud som er den aktive, ikkje oss menneske. I denne dåpen får me Den Heilage Ande. Gud gjer oss i dåpen til sine born og tek oss inn i sin truande kyrkjelyd. Dåpen er altså ikkje eit resultat av vårt ønske om å leva betre, men eit resultat av Guds grenselause nåde mot oss menneske.

Ut frå denne nåden som Gud viser oss menneske i dåpen, kan så ønske vårt om å leva rett utvikla seg. Men no veit me alle at éin ting er å ønskja å leva rett, å alltid gjera det, er noko heilt anna. Difor kan me nok trenga omvendinga også etter dåpen, at me jamt og trutt tek eit oppgjær med lysta til å gjere det som er gale, gjer opp med dei me har oppført oss dårleg overfor og legg alt fram for Gud i forvissing om at han i sin nåde vil la oss prøva på nytt.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 8. januar 2021

3. søndag i openberringstida

Joh 4,4-26

Avslørt

Det er ganske store individuelle forskjellar mellom oss menneske når det kjem til spørsmålet om i kva grad me likar å vera synlege. For nokon er det jo akkurat dette som gjev energi i livet: Å bli sett! For andre kjennest det tryggast å stå litt i bakgrunnen og gjerne tilby andre rampelyset.

Trass i desse personlege forskjellane, har me alle saman noko til felles: Alle treng før eller seinare å bli sett av andre menneske for å overleva, og ingen synest at det er heilt greitt å vise fram absolutt alle sider ved seg sjølv.

Bibeltekstane som skal lesast til søndagen som kjem, handlar mykje om vatn, om korleis vatn først og fremst er livgjevande og ei velsigning, og samtidig, i nokre situasjonar også kan vera livstrugande. Slik er det med andre sine blikk, også. Så lenge andre ser på oss med eit godt blikk, så held det liv i oss. Men eit dømmende, hatefullt og usant blikk kan vera direkte drepende.

Fordi me ønskjer oss gode blikk og ikkje dømmende blikk, har me menneske ein tendens til å pynta på fasaden. Eg tenker ikkje først og fremst på sminke og klede, men meir på korleis me framstiller oss sjølv i alt me seier og gjer. I mindre skala, er det ikkje sikkert at dette er så farleg, men om ein over tid tvingar seg sjølv til å stå fram som ein annan enn ein verkeleg er, så kan det bli både tungt og skadeleg.

Å bli avslørt, kan kjennast smertefullt. Men det kan også ha noko godt med seg, i alle fall om den som avslører deg ikkje er av den fordømmende typen. Faktisk kan det vera direkte frigjevande å bli avslørt og få hjelp til å sjå seg sjølv utanfrå, anten det fører til at ein vel å endra seg, eller ein vel å forsona seg med den ein er.

Jesus møtte alltid menneske med dette gode blikket, som avslører, utan å fordømme, som gjev liv i staden for å ta liv og som hjelper oss til å sjå oss sjølve med Guds augo.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 15. januar 2021

4. søndag i openberringstida Joh 9,1-7.35b-38

Det gode arbeidet

Både i kyrkja og i samfunnet elles vert det snakka godt om det å gjera gode gjerningar. «Dagens gode gjerning» er til dømes glidd i språket som eit fast uttrykk. At gode gjerningar vert halde fram som eit ideal, er sjølv sagt berre positivt. Samtidig så klarar eg ikkje heilt å fri meg frå tanken om at det ligg noko sporadisk og planlaust bak dette fokuset på gode gjerningar. Ja, av og til kan ein nesten få inntrykk av at gode gjerningar er noko ein gjer, ikkje berre for å gjera godt mot nokon, men for å skapa ballanse i eige rekneskap. Tanken vert då at gode gjerningar veg opp for alt det galne ein elles gjer. Om ein skulle tenkja slik, så er dette sjølv sagt betre enn at ein ikkje fokuserer på det gode i heile tatt. Å gje heilt opp gode ambisjonar er jo slett ikkje bra. Men kunne me koma noko lengre enn berre å fokusera på enkeltstående gode gjerningar?

I teksten til søndagen snakkar Jesus om å gjera Guds gjerningar, og han karakteriserer dette som eit arbeid. Eit arbeid er ikkje noko sporadisk og planlaust, men noko ein har plan over og som peikar ut over den enkeltstående handlinga. Det gode arbeidet, handlar djupast sett om å byggja eit godt samfunn. Dette kan ein gjera i ramma av eige yrke, men ein kan også gjera det i ramma av engasjement på fritida. Det er ikkje rammene for arbeidet som er det avgjerande. Det avgjerande er at arbeidet er drive av eit godt og ærleg formål.

Kva så med den som ikkje lenger har fysiske krefter til å ta tunge tak lenger? Det er mykje viktig arbeid som ikkje krev muskelkraft, også i Guds rike. Tenk berre på alle som ber! Dette er også eit viktig arbeid! Samtidig skal me også minna kvarandre om at det er ei tid for alt, ei tid for å arbeida og ei tid for å kvila. Målet er ikkje å stadig gjere meir, men å streve etter at det ein gjer er godt.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 22 januar 2021

Såmannssøndagen

Mark 4,26-34

Av seg sjølv?

Nokre gonger er det utruleg flott med ting som skjer heilt av seg sjølv. Ikkje minst når ein føler at ein alt for lenge har brukt alt for mykje krefter på å få til det ein vil, så er det utruleg godt å sjå at noko plutselig skjer heilt av seg sjølv. Når stålisen i tunet reiser med mildværet om våren, når medvinden ber robåten du sit i av garde i rett retning over fjellvatnet, når ein nabo trør hjelpande til før du har rukke å be han, då kjennest livet med ein gong litt lettare å leva.

Men finst det eigentleg noko som skjer sånn heilt av seg sjølv? Eller står det nokon bak? Mange gonger, når eg først tenkjer at noko skjedde slik heilt av seg sjølv, så let det seg etterspore at det sto ein eller annan bak, likevel. Ein eller annan som ville det same som meg, og som rakk å gjere det før eg sjølv rakk å agera. Men når ting berre skjer slik heilt av seg sjølv, heilt utanfor all menneskeleg kontroll, kva då?

Den religiøst innstilte vil på eit slikt spørsmål fort peika på noko utanomjordisk og til dømes seie at «ingen ting skjer av seg sjølv, det er Gud som står bak!» Men er det så enkelt? Då må det vel i tilfelle også vera slik med alt det vonde som skjer «av seg sjølv?»

I kristen tru står det sentralt at Gud skapte alt og la inn ein del naturlover, som til dømes gjer det mogeleg å dyrke den maten me menneske treng for å leva. Mykje av det som skjer «av seg sjølv» skjer altså fordi Gud ordna det slik i opphavet. Men fordi det vonde sneik seg inn i verda, hender det også at dei same naturlovene i nokre tilfelle medfører at naturen også av seg sjølv skapar katastrofar for oss menneske. Eg skal gladeleg innrømme at desse samanhengane slit eg med å få fullstendig oversikt over. Det er som om tanken ikkje strekk heilt til. Kanskje er det ei feig løysing, men eg har difor slått meg til ro med Bibelen sin bodskap om at Gud vil det gode og skapar det gode, og at mykje av det gode som veks fram utan min medverknad, faktisk kan vera Guds handling. Samstundes held eg fast på at ting også kan skje heilt utan at korkje eg, naboen, eller Gud har sett det i gang. Det skjer rett og slett av seg sjølv.

Som såmenn i Guds hage, tenkjer eg at det difor er vårt kall å spreie det gode, og be Gud om at det må få veksa fram i fellesskapet. Så er det lov å undra seg når ein ser at ting ser ut til å skje sånn heilt av seg sjølv. Kanskje skjer det av seg sjølv, kanskje står det nokon bak, men er det eigentleg alltid så heilt nødvendig å vita? Held det ikkje å vita at Gud vil det gode?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 29. januar 2021

Kristi forklåringsdag

Mark 9,2-13

Dei lange linjene

I ein travel kvardag er der det fort gjort å bli nærsynt. Ja, sjølv om kvardagen ikkje er travel, så er det like fullt fort gjort å bli nærsynt. Det er liksom eit kjenneteikn på kvardagar dette at dei har nok med

sitt eige strev, anten strevet kjem av aktivitet eller inaktivitet. Og når me blir nærsynte, så er det ikkje lenger så lett å sjå dei lange linjene.

Så kan du sjølv sags spørja: Kva treng me dei lange linjene til? Livstolking og livsmeistring heng tett saman. Visst kan me læra oss mange praktiske grep for å takla utfordringane i kvardagen. Men livsmeistring handlar om noko meir enn å takle kvardagen. Livsmeistring handlar ikkje minst om å finne seg til rette, forstå si eiga rolle, forsona seg med det ein ikkje kan få gjort noko med og endra det som kan og bør endrast. Men for at ei slik livsmeistring skal kunne bli mogeleg, treng ein å kunne sjå dei lange linjene, dei som går ut over kvardagen.

Kvar kjem me i frå? Kvar skal me? Kva er meininga med at me er her me er? Kven står bak alt det vakre rundt oss? Til alle tider har me menneske stilt slike spørsmål på leiting etter dei lange linjene. Då Peter, Jakob og Johannes fekk vera med på fjelltur og fekk sjå Jesus stå og samtala med Moses og Elia, så var det verkeleg lange linjer som utspelte seg rett framfor augo deira. No er det vel dei færraste av oss som får sett noko slikt. Likevel trur eg at dei fleste av oss kan ha heilage augneblinkar i livet, der me plutsleg ser noko me ikkje har sett før, noko som sprenger grensa for det kvardagslege, noko som gjev oss ei større forståing av korleis ting heng saman, noko som viser oss dei lange linjene. Kvar dag skal ikkje vera slik. Kvardagane og fokuset på det nære er viktige i seg sjølv. Men kvardagane må ikkje få gjort oss så nærsynte at me aldri ser dei lange linjene. For utan dei lange linjene vert fort både livstolkinga og livsmeistringa vanskeleggjort.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 5. februar 2021

Fastelavnssøndag

Joh 12,20-33

Den tunge vegen

Livet inneheld mange vegval. Nokre gonger er det ganske oversiktleg kva som er den beste vegen å velja. Andre gonger kan det derimot vera vanskeleg å få oversikt. Men sjølv med full oversikt over alle alternativa, så kan vegvalet like fullt vere ganske vanskeleg. For kva gjer ein om den lettaste vegen og den beste vegen ikkje er same alternativ. Kva vel eg då, det lette eller det rette?

I ein frustrert augneblink skreiv Paulus ein gong at «det gode som eg vil, gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg». No var heldigvis ikkje dette heile sanninga om livet til Paulus heller. Han gjorde utan tvil mykje godt, også! Slik er det å vera menneske. Nokre gonger klarar me å leve opp til våre eigne ideal, andre gongar feigar me ut og tek ein uakseptabel snarveg.

På veg til Jerusalem og krossdøden var Jesus smerteleg klar over kva som var den beste vegen, og at dette også var den tunge vegen. Det var dette som var kallet hans, å ofra seg sjølv for oss alle. For Jesus var det aldri aktuelt å feiga ut, for han visste at det var dette som måtte til for at me skulle arva evig liv.

Vegen til evig liv for oss, starta med Jesu tunge veg til Jerusalem. Fastetida som no ligg føre handlar om å reflektera over kva dette har å seie for oss, her og no. For det evige livet startar ikkje etter døden, det er her allereie.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 12. februar 2021

1. søndag i fastetida

Matt 16,21-23

Guds vilje

Den første av søndagane i fastetida er ein god dag til å reflektere over kva som er Guds vilje, kva som er min vilje og kva som er andre autoritetar i livet mitt sin vilje. Det er nemleg ikkje alltid at dette er så lett å skilja frå kvarandre.

Ut frå det eg les i Bibelen kan eg lesa at Gud vil at me skal elska han og at me skal elska nesten vår som oss sjølve. Slike overordna ønskje hos Gud kan eg altså kjenna og vera trygg på. Men når det kjem til alle dei konkrete vala eg må ta i kvardagen, korleis skal eg då vita kva som er Guds vilje? Er det i det heile teke slik at han bryr seg om mine kvardagslege val og har noko meining om kva eg bør gjera?

Det me veit er at Gud har skapt oss med både eigenvilje, kreativitet og evne til å reflektera. Sjølv trur eg at Guds auga kviler på oss med eit godt blikk, altså ikkje eit strengt og dømmande blikk. Eg trur rett og slett at han ofte morer seg med å sjå kva me har tenkt å velje og at han er ganske så romsleg. Så hender det nok også at han ikkje likar det han ser, og då handlar det ganske sikkert om dei situasjonane der me gjer val som får negative konsekvensar for dei rundt oss.

Om eg vil prøva å finna ut kva som er Guds vilje i det eg står i, har eg ikkje anna val enn å ta utgangspunkt i den konkrete situasjonen, bruke fornufta mi til å finne ut kva som eigentleg er dilemmaet, sjå det i samanheng med Guds overordna vilje med liva våre og ut frå dette reflektere over kva som er det beste valet. Om eg hoppar over første og siste del av prosessen, altså kuttar ut fornufta og refleksjonen og prøver å lese rett ut av Bibelen kva som er Guds vilje i denne situasjonen, så skjer eitt av to: Anten så les eg umedvite inn min eigen vilje i situasjonen og tolkar han som Guds vilje, eller så les eg umedvite inn andre autoritetar sin vilje og tolkar denne som Guds vilje.

No er det heldigvis ikkje slik at min eigen vilje og Guds vilje alltid er to forskjellige ting. Men det er no uansett greitt å vita kva som er kva.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 19. februar 2021

2. søndag i fastetida

Luk 7,36-50

Gå i fred

Fred er eit stort ord som me ikkje brukar sånn utan vidare. Når det er slutt på ein krig, kan me bruke det: «Freden kom 8. mai!» Og så kan me bruke det når eit gamalt menneske som har streva med sjukdom lenge til slutt dør: «No har han fått fred», seier me då.

I kvardagen nyttar med rett nok det same ordet i nokre faste uttrykk. «Hald no fred!» kan me til dømes seie strengt til bråkete ungar. Og når me har funne ein vakker stad ute i naturen, så kan me gjerne konstatere at «her var det fredeleg og fint!».

Men når me skal snakke om korleis me har det sjølv, sånn eigentleg, så er det som om ordet veks og blir alt for stort, att. Har eg fred med meg sjølv? Har eg fred med dei eg har rundt meg? Det er berre så vidt me vågar stille oss sjølv eit slikt spørsmål. Langt mindre kjenner me oss komfortable med å snakke høgt om slike spørsmål med andre menneske.

«Gå i fred», sa Jesus, og han meinte det godt. For kva betre kan ein vel ønskja for eit anna menneske enn at det finn fred med seg sjølv, med nesten og med Gud. Ikkje noko kan tappa energien ut av eit menneske som ufred og strid. Ufred i heimen, i nabolaget eller på arbeidsplassen til dømes kan ta knekken på den sterkaste, om det får vare over tid. Difor er det så viktig å få gjort noko med ufreden, kome vidare, få ein slutt på det. Kva som må til, vil variere. Nokon gonger handlar det om å kome eit anna menneske i møte og rekkje ut ei hand. Andre gonger handlar det om å tørre å vere tydeleg og setje grenser. Men svært sjeldan handlar det om å berre tole, om å gå der uforsonte og kjenne på den dårlege stemninga.

Når alt kjem til alt, kva kan me eigentleg ønskje oss meir enn akkurat dette: Å gå i fred!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 26. februar 2021

3. søndag i fastetida Mark 9,17-29

Kampen mot det vonde

Kampen mot det vonde har stått sentralt gjennom heile kyrkja si historie. Dette kampmotivet er kjent allereie frå Det gamle testamentet og vert stadfesta av både Jesus og Paulus. Gjennom kyrkjehistoria finst det mange eksempel på kampar som tener kyrkja til ære. Eg tenker ikkje minst på dei gongene kyrkja har evna å stille seg på den svake si side der nokon opplever urettferd. Eg tenkjer også på alle dei gongene der kristen påverknad har vore med på å endre heile tenkemåten og såleis har lagt grunnlag for ein meir human kultur.

Samtidig så er det ikkje til å kome bort i frå at den kristne kyrkja har kjempa kampar som ikkje tener kyrkja til ære. Det er dei gongene der kyrkja sitt leiarskap ikkje har evna å skilje rett mellom godt og vondt, og har gått mektige undertrykkjarar sitt ærend fordi ein trudde dei sto for noko godt.

Det er ikkje berre det kyrkjelege leiarsjiktet som kan ha vanskar med å skilje rett mellom godt og vondt. Me har nok vore der alle saman, at me har måtta revurdert vårt syn ganske kraftig når nokon eller noko me hadde stor tru på, viste seg å seile under falsk flagg. Det som verre er, er at det treng ikkje ein gong å handle om nokon andre. Det kan handle om mine eigne tankar og forsett. Det som eg trudde var ein god tanke og eit godt forsett, kan eg i neste omgang avsløre som noko heilt anna. Nokre gonger skjer det fordi andre menneske har forleda meg. Andre gonger har eg forleda meg sjølv. Og nokre gonger hender det at eg lurar på om det kan vera endå fleire stemmer inne i min indre samtale, stemmer som ikkje høyrer til korkje meg eller menneske eg lyttar til. Den eine av desse stemmene prøver å freista meg til både det eine og det andre. Den andre stemma prøver å fortelja meg kva som er rett og sant og korleis kampen *mot* det vonde alltid må vera ein kamp *for* det sant gode.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 5. mars 2021

4. søndag i fastetida 2. Kor 5,18-21

Forsoning

Knappt noko kan suga kreftene ut av eit menneske som det å leva uforsona med omgjevnadane. Når det har kome noko i mellom menneske som skulle hatt ein ukomplisert relasjon eller når ein rett og slett ikkje finn seg til rette med situasjonen ein er i, kan det fort vera som om energien berre lek ut. Ein heilt vanleg men svært uklok strategi er å prøva å oversjå problemet. Me kan seie at «om naboen ikkje vil snakke med meg lenger, så er ikkje det mitt problem». Men det er det! Å leva uforsona med dei omkring seg, eller uforsona med sjølve livet, tærer rett på sjølve livslysta, anten me innrømmer det eller ikkje.

Det er difor forsoning er så utruleg forløysande. Når nokon som har vore tause med kvarandre i lang tid endeleg byrjar å snakka saman att, når nokon evnar å saman leggja fortida bak seg og sjå framover eller når eit menneske klarar å reorientera synet sitt på livet og klarar å seie at «det kan bli fint likevel», så er det som ein soloppgang: Forsoninga slepp lyset inn og fører med seg energi og varme!

Ingen kan krevje forsoning av eit anna menneske. Det er berre overgripingar som set fram slike krav. Det einaste eg kan gjere er å ta det første steget. Og det første steget handlar ofte om å vedstå seg si eiga skuld i det som har skada relasjonen og visa mot til å snakka sant om det. Som oftast er det berre dei som er part i saka som kan ordne opp. Men nokre gonger kan også ein tredje part hjelpe til med å utløyse ein positiv prosess, få i gang att ein samtale som har gått i stå. Men også her gjeld det at ingen kan krevje forsoning av andre. Det må ta den tida det tek. Både partar må vere klar for det.

Fastetida handlar også om forsoning, om kva velsigning det ligg i å kunna leva forsona med dei rundt oss, kva stor teneste det er å kunne medverke til andre si forsoning, og ikkje minst det store som ligg i at Gud frå si side alltid er klar til å forsona seg med oss, om den relasjonen skulle ha blitt vanskeleg.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 12. mars 2021

Maria bodskapsdag Luk 1,46-55

Jolefryd, no?

Midt i den neddempa fastetida dukkar det opp ein festdag med ekte jolefryd. Maria bodskapsdag vert markert i kyrkjene verda over denne helga for å minna oss om at det no er 9 månadar att til jol. Inkarnasjonen, det at Gud kledde seg i kjøt og blod og vart menneske, skjedde ikkje joledagen, men skjedde då Maria vart med barn. Difor må fastetida sitt bots-preg setjast på pause denne helga, for at dette store underet skal få si rettmessige feiring.

Kjenslene til Maria var nok ganske så samansette i dei dagane. På den eine sida var ho både usikker og forvirra. Kva ville folk seia? Og ikkje minst: Kva ville Josef seia? Korleis skulle dei klara seg, dei tre, og korleis ville det vera å ha Gud sjølv i huset, samtidig som dei skulle vera småbarnsforeldre? Samtidig fryda ho seg. Tenk å bli utvalt av Gud sjølv til å gjera ei slik teneste!

Livet byr på mange skiftande kjensler for alle menneske. Uroa for framtida finn stadig nye former. Men grunnane til fryd og glede ligg der alltid dei også. Av og til kan dei vera ganske så kamuflerte. Andre gonger kan me ikkje unngå å sjå dei. Eit sunt kjensleliv klarar å balansera desse to, uroa og gleda. Eigentleg handlar det djupast sett om å snakka sant om heile livet og å våga å ta det inn over seg i fullt mål. Difor er det heilt på sin plass å setja bots-tanken på pause når fryd og glede brått melder seg, om tidspunktet er aldri så uventa.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 19. mars 2021

Palmesøndag
Matt 26,6-13

Kjærleik og fornuft

I dei fleste situasjonar har me menneske god hjelp av fornufta til å gjera gode val. Ved å bruka fornuft kan me lettare sjå konsekvensane av dei ulike handlingsalternativa og finna ut kva som er det beste valet. Difor blir me frå barnsbein av innprenta at me ikkje må oppføre oss ufornuftig. Men er det eigentleg så enkelt?

På palmesøndag dette året handlar preiketeksten om ei kvinne som får ros av Jesus for å handla ut over det som er fornuftig. Det er nemleg ikkje slik at alt som ikkje er strengt fornuftig dermed er ufornuftig. Eit menneske som i eitt og alt kun handlar fornuftig, vil fort kunna opplevast som både kjøleg og lite venleg. Eit elskeleg menneske har derimot evne til å gje meir enn det som strengt teke er fornuftig. Det kan handle om å gje gåver, tid, merksemd eller omsorg. Fornuften kan seie at no må det vera nok. Men så vil kjærleiken noko meir. Tydlegast skjer dette som oftast i dei nære relasjonane. Men effekten er ikkje mindre når det skjer i ein vidare krets. Når det blir ein del av kulturen at alle er villige til å vere litt rausare og romslegare enn det som til ei kvar tid kan krevjast av oss, vert livet litt betre for alle som lever her.

Å leggja bort fornufta, fører sjeldan til noko godt. Men å supplera fornufta med eit godt sinnelag er ei god oppskrift på eit godt levd liv!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 26. mars 2021

Påsketida

Når alt tek ei ny retning

Kva skal me egentleg håpe på om dagen? At alt snart vert som før, eller at alt vert betre? Når ting vert vanskelege oppsøker me gjerne det kjente. Me veit kva me hadde, men me veit ikkje kva me får. Samstundes kan det verke litt lite framtidsretta å berre sjå bakover. Dette halvanna året som pandemien ser ut til å vara har kosta utruleg mykje både smerte, uro og pengar. Skulle me ikkje då prøva å få noko att for det?

Uansett kva kvar einskild av oss går og håpar på, så blir fasiten ganske sikkert at noko vil etter pandemien falla tilbake til det gamle, medan noko tek ei heilt ny retning. I dag veit me berre ikkje kva som gjer kva. Mykje av dette er også utanfor den einskilde av oss sin kontroll. Me har lite innverknad på dei store konjunktursvingingane og korleis verda utviklar seg både materielt og kulturelt. Samstundes lever me liva våre heilt lokalt, og me gjer ganske store val for våre eigne liv, heilt lokalt: Kva vil eg bruke tida mi til? Kva vil eg bruke pengane mine til? Kven vil eg vere saman med? Når pandemi-tida har rista oss ut av faste mønster, er det kanskje ein historisk sjanse til å gjera nokre val på nytt. Vil eg tilbake til det gamle, eller vil eg staka ut ei heilt ny retning når dette er over?

Den historiske utviklinga har alltid vore prega av både kontinuitet og nye retningar. Eit godt eksempel på dette er påskehøgtida som jødane hadde feira i hundrevis av år, men som fekk ei ny retning då Jesus gav nytt innhald til påskemåltidet, sona syndene våre på krossen og gav oss evig liv gjennom oppstoda påskedagen.

Når Gud handlar i historia, ser han alltid både bakover og framover. Kanskje er dette den viktigaste budskapen når me feirar påske i pandemitida, at det er med age for det gamle og kraft til det nye at livet kan få si beste retning. God påskehelg til alle!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad tysdag 30. mars 2021

2. søndag i påsketida

Joh 21,15-19

I følgje

Sjølv om det nokre gonger kan vera godt å vera aleine, så er dei fleste av oss avhengige av å kjenna oss som ein del av eit fellesskap. Så vil det sjølv sagt variera frå person til person kor tette me ønskjer at desse fellesskapa skal vera. Nokre finn seg best til rette i grupper der ein er saman heile tida, har det veldig sosialt og kan dela absolutt alt med kvarandre. Andre trivst betre med fellesskap med litt distanse og der ein gjerne kan vera ifrå kvarande innimellom. Men trongen til å kjenna at ein er del av eit fellesskap kan vera like sterk anten ein trivst med å vera tett på eller om ein trivst med litt meir rom rundt seg.

Særleg når livet er litt meir krevjande enn vanleg, kan det å vera i følgje med andre vera heilt avgjerande. Kollonnekøyinga på fjellet om vinteren og Redningsselskapet si eskorteteneste for småbåtfolket på sommaren kan tena som bilete på nettopp dette. I møte med farar som me ikkje kjenner oss heilt trygge på er det godt å vera i eit følgje.

Den kristne kyrkja starta med tolv læresveinar som vart kalla til å bli ein del av Jesu følgje. Etter som åra har gått, har følgjet vorte berre større og større, og meir og meir samansett av alle slags typar folk. Nokre likar å ha det veldig tett og sosialt heile tida. Nokre likar å halde ein respektfull distanse i det daglege, men søker tettare saman når noko står på. I Jesu følgje er det rom for å vera den ein er, anten ein er av dei introverte eller dei ekstroverte. Det viktige er å kjenne seg som ein del av noko større og å kunne vera trygg på å ikkje gå seg heilt bort.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 9. april 2021

3. søndag i påsketida Joh 10,1-10

Ekte og falskt

I den tida me lever i, er det nesten ikkje grenser for kva me vert tilbydd. Om noko skulle mangla på den næraste bui, så er det berre å reisa til næraste tettstad, og skulle du ikkje finna det der heller, så er det heilt sikkert mogeleg å få tak i på internett, nytt eller brukt. Men det er ikkje berre ting som vert tilbydd oss. Tenester er det også på same måten med. Har du berre pengar så kan du kjøpe deg bort frå ein kvar eigeninnsats.

Men det stoppar ikkje ein gong med varer og tenester. I vår tid treng ein knapt nok å tenkja sjølv ein gong. Det meste vert tilbydd oss anten som ferdigtenkte tankar eller som halvsnekra tankebygningar som me kan snekre vidare på sjølve.

Det kan jo høyrast ut som ei veldig lettvindt tid å leve i, ja, altså om ein har pengar. Men er det eigentleg slik, at det grenselause tilbodet berre gjev oss lettlevde liv? Det som i alle fall er sikkert er at i møte med eit grenselaut tilbod av varer, tenester, tankar og livssyn, så oppstår det også nye utfordringar. Den mest opplagte utfordringa er at eg må velja. Men kan det vera eit problem? Det må då vera betre å ha noko å velja i enn å måtta ta det som finst? Jo, det kan du sjølv sagt seia. Men i ein grenselaus haug av valalternativ, så trengst det også evne til å skilja i kva som er bra og kva som ikkje er bra, eller i mange tilfelle: Å skilja mellom det som er ekte og det som er falskt. For i straumen av det som vert tilbydd oss, finst det både rått og rote. Om me ikkje tek oss bryet med å skilja i kva me vil ta i mot og ikkje, går me fort i vår tid si store felle: Å ta i bruk det meste og kasta det me ikkje er nøgde med. Slik øydelegg me miljøet og slik vert me rotlause.

All øving i å skilje ekte frå falskt, startar med å vera medviten om sitt eige overordna livssyn. Kva trur eg eigentleg på? Kva er dei gode verdiane? Kva kjenneteiknar det ekte framfor det falske?

Den kristne kyrkja sitt syn på saka er den oppstadne Jesus Kristus er den rette porten inn til lære å skilje mellom sant og usant, ekte og falskt. Så skal det seiast at det å forstå seg på han ikkje alltid er gjort i ei handevending. Det er ikkje ein gong sikkert at ein finn ut av alt i dette livet, men at nokre svar må venta til me får møta han ansikt til ansikt på den andre sida.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 16. april 2021

4. søndag i påsketida Joh 13,30-35

Elska kvarandre

Ord som «kjærleik» og «elske», kjennest fort litt store til å ta i bruk til kvardags for oss her øvst i Telemark. I eit innfall av overveldande glede over god-vêret, dei lyse kveldane og blomane som byrjar å stikka fram, så kan vel nokon av oss slumpa til å uttrykke at «eg elskar våren!». Ut frå rein lokalpatriotisme kan me vel også sleppe unna med å seie at «eg elskar denne staden». Men skulle me gå noko lengre enn dette og seie noko om fellesskapet og dei som me i det daglege set stor pris på, så brukar me ofte andre ord om dette enn kjærleik og å elske.

Når Jesus ber oss elska kvarandre, så kjennest det difor gjerne litt stort og framandt ut. Me kan absolutt strekkja oss til å lika andre, setja pris på, villa det beste for o.s.b. Men å visa kjærleik og elska? Passar ikkje slike ord best i bryllaupstalar?

Når Jesus ber oss om å elska kvarandre, så handlar nok dette meir om kva me gjer, enn kva ord me set på det. For det første trur eg det handlar om å sjå den andre med venlege augo. Det vil ikkje seie å vere naiv og oversjå alt som er problematisk, men det vil seie å velje å sjå det gode som bur i den andre, vektleggje dette og setje pris på det. For det andre så trur eg det handlar om å halde eigen egoisme nede, og ikkje vurdere andre ut frå kva dei kan og bør vera for meg, men sjå den store verdien dei har i seg sjølv og for fellesskapet. Men viktigast er vel likevel det tredje punktet, nemleg kva eg gjer for at dei andre skal få sleppe til med sine beste sider. Den beste forma for nestekjærleik som eg veit om, er å gjere ting som gjer det lettare for andre å bruke sine beste eigenskapar. Kva kan vel vera meir effektivt, om målet er å gjera verda til ein betre stad å leva?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 23. april 2021

5. søndag i påsketida Luk 13,18-21

Når ord ikkje strekk til

Språket er kanskje den viktigaste og mest brukte reiskapen me menneske har. Med språket kan me formidla kva me tenkjer og meiner. Språket kan me også bruka til å strukturera alle sanseintrykka våre, ved til dømes å gje ulike kategoriar ulike namn. Språket er eit så ofte brukt verktøy for oss, at me knapt tenkjer på det som eit verktøy i det heile.

Men også språket har sine grenser. Alle som har prøvd å forklara kompliserte og samansette ting, har til tider kjent på at ein manglar ord som er fullt ut dekkande. Nokre gjev då opp, medan andre gjev på vidare og prøver i staden å presse røynda inn i dei orda som finst, men kjem då fort i skade for å tilpasse og redusera røynda etter orda, og ikkje motsett.

Ei god løysing på problemet er å bruke språket saman med andre verktøy. Alle som har prøvd å uttrykke kjensler veit til dømes at ord må supplerast med handling. Kjærleikserklæringar gjennom ord fell fort til bakken, om dei ikkje vert følgt opp av kjærleikshandlingar. Ord om at ein elskar eit anna menneske vert fort tomme om ein ikkje set av tid til å vera saman.

I eit levande språk, kan handlingar også trekkjast inn i sjølv språket som forteljingar og bilete. Då vert språket meir enn berre ord. Det er dette Jesus gjer når han fortel likningar. Han veit at det ikkje finst ord store nok til å romma Gud og hans gjerningar på ein presis måte. Grunnen til dette er jo rett og slett at mennesket si tankekraft ikkje er stor nok til å romma noko så uendeleg. Men det Jesus gjer, er å bruka orda til å teikna noko visuelt. For det som er visuelt er me vant til å handtere som noko me berre ser ei side av. Når han seier at Guds rike er som eit sennepsfrø eller som ein surdeig, så skjønar eg at dette ikkje er eit fullstendig bilete, ein uttømmmande definisjon. Men me forstår at den fliken me får sjå, handlar om noko langt større, noko som me kanskje får sjå andre sider av ved eit anna høve.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 30. april 2021

6. søndag i påsketida
Matt 7,7-12

Den gylne regelen

Uansett om ein har gått på søndagsskulen eller ikkje, så er den gylne regelen barnelærdom for dei aller fleste. «Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei».

Orda er henta frå Jesu bergpreike og er mellom dei alle best kjente tekstane i verda. Mykje av det Jesus elles sa i denne lange preika, finst det parallellar til i gamle rabbinske tekstar. Men den gylne regelen representerer noko nytt. Rett nok fanst det fleire negative variantar av regelen frå før, av typen «Det du sjølv hatar, skal du ikkje gjera mot andre».

Så vil nokon kanskje spørja: Er ikkje dette nesten det same? Nei, Jesu gylne regel representerer noko radikalt nytt. I sin negative form kan er regelen eigentleg ikkje noko religiøs regel, men sunn fornuft som sikrar god sosial omgang. Når fokuset vert snudd frå å ikkje gjera gale for andre til å hjelpa, støtta og gjera det beste for dei ein har rundt seg, så trengst det noko meir enn respekt. Då trengst det nestekjærleik. Radikaliteten i det Jesus her seier kjem endå tydelegare fram i det han sa litt tidlegare i same preika: «De har høyrte det er sagt: Du skal elska nesten din og hata fienden din. Men eg seier dykk: Elsk fiendane dykkar, velsign dei som forbannar dykk, gjer vel mot dei som hatar dykk og be for dei som mishandlar dykk og forfølgjer dykk».

Ein slik radikal nestekjærleik, kombinert med ein rettferdig kamp mot det vonde, er ikkje lett å praktisera. Gud hjelpe oss!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 7. mai 2021

Søndag før pinse
Apg 26,1-3.20-29

Å skifta sinn

Det høyrer til mangfaldet mellom oss menneske, at me også har ulikt temperament og veremåte. Nokre er inneslutta og har lett for sjå mørkt på ting. Andre boblar over av energi og kan vera grenselaust positive. I mellom desse ytterpunktta finst det uendeleg mange variantar. Mangfaldet er positivt, så lenge det ikkje er så ekstremt at sinnsstemninga går ut over livskvaliteten til ein sjølv eller dei ein har rundt seg. Det er bra at ikkje alle er like, og fellesskapet blir litt meir spennande når det er plass til både hissigproppar og trauste sjeler.

Når Paulus i teksten denne søndagen snakkar om å «skifta sinn», så er det nok ikkje personlegdomen han snakkar om, men om korleis me plasserar oss sjølve i forhold til andre. For heilt uavhengig av temperament eller personlegdom, så er det himmelvid forskjell på eit menneske som alltid plasserar seg sjølv i sentrum og eit menneske som i staden ser seg sjølv i relasjon til andre. Sjølvsentrering er øydeleggjande både for den som driv med det, og for alle som blir utsett for det. Det er berre gjennom fellesskapstenking me kan realisera vårt eige potensiale. I kristen tenking handlar det då både om fellesskap med menneska me har rundt oss, fellesskap med dei som lever andre stader i verden, fellesskap med resten av skaparverket og fellesskap med Gud.

Ei sunn fellesskapstenking gjer ikkje at ein utslettar seg sjølv. Tvert i mot, så er det i samspel med alt rundt oss at me fullt og heilt kjem til syne sjølve. Det er sjølvsentreringa som innskrenkar oss og gjer oss til noko anna enn det me var tenkte til. Sjølvsentreringa er rett og slett ei forbanning, og når ho kjem sigande er det berre ein ting å gjera: Å skifta sinn!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 14. mai 2021

Pinsedag
Joh 14,15-21

Livspusten

Den tredje av dei store kyrkjehøgtidene er kanskje ikkje like lett å gripa innhaldet i som dei to første. Jesu fødsel i jula, og Jesu død og oppstode i påskehøgtida, er ganske konkrete greier. Men så var det pinse då, som for dei fleste er litt vel luftig. Og det er akkurat dette det handlar om, luftige greier. Pinse er Den Heilage Ande si høgtid, og Den Heilage Ande er jo nettopp dette: Pust. Guds livgjevande pust, som han bles inn i oss ved fødselen, som held liv i oss som menneske, men som også held liv i fellesskapet.

Eit rom som har stått avstengt lenge, luktar ikkje godt. Først når det er opna opp og ein har fått lufta godt ut, kan det takast i bruk att. Eit fellesskap der alle har trekt seg tilbake og lukka seg inne blir fort eit usunt fellesskap. Menneske treng luft for å pusta, både som einskildindivid og som fellesskap.

Det er dette me feirar i pinsehøgtida, at Gud bles liv i den kristne kyrkja og såleis gjev livsgrunnlag for oss alle. For me lever ikkje av brød aleine, pengar aleine eller arbeidet vårt aleine. Me treng noko meir. Inst inne har me ein annan lengt. Ein lengt etter å pusta heilt fritt og leva som frie menneske!

Ha ei god pinsehelg!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 21. mai 2021

Treeiningssøndag

Luk 10,21-24

Eit mysterium

Som moderne menneske, likar me helst at ting skal ha ei rimeleg forklaring. Så oppteken er me etter kvart blitt av dette, at der me ikkje har noko god forklaring, der konstruerer me ei. Kvar einaste dag møter me på mange slike dårleg grunngeve forklaringar. Nokre av dei avslører me som det dei er, halvsanningar og fordommar. Men svært mange dårleg grunngeve forklaringar tek me for god fisk, fordi me tenkjer at alt har jo ei forklaring og så lenge me ikkje har ork eller føresetnad for å grave djupare i saka, så godtek me den forklaringa som vert boden oss. Her kunne det sjølv sagt vore freistande å kome med mange gode eksempel, men eg let det vera. Skal ein avsløra dårleg grunngeve forklaringar på ting, bør ein vera godt førebudd, for det endar nesten alltid med dårleg stemning og sterke motangrep. Bak ei kvar dårleg forklaring, skjuler det seg nemleg ofte nokon med strek eigedomskjensle til akkurat denne forklaringa.

Fordi det er forventa av oss menneske at me skal kunne ha ei forklaring på alt mogeleg, så er det ikkje så reint få som i vår tid vel å avvisa kristen tru, rett og slett fordi det er for mykje der som ikkje kan forklarast.

Sjølv trur eg at dette er ei kortslutning av to grunnar. Den første grunnen er at det er langt meir innan trua som kan forklarast på ein rasjonell måte, enn det mange vil vedgå. Bibelen er full av fenomen som kan forklarast rasjonelt, og etter kvart som vitskapen og kunnskapen går framover, kan me forklara meir og meir av det som før hadde eit dunkelt religiøst slør over seg. Den andre grunnen er at gjennom modernismen har mange menneske blitt ramma av overmøt, og byrja å tru at absolutt alt kan forklarast rasjonelt. Men dette er langt frå sikkert. Faktisk er det langt meir truleg at skaparverket er så komplekst og komplisert at det på trass av all vitskapleg framgang likevel alltid vil finnast sider av tilværet som tanken vår ikkje vil ha kapasitet til å finna ei rimeleg forklaring på.

På treeiningssundag møter me eit av desse fenomena som eg tvilar på om nokon noko gong kjem til å klara å forklara fullt ut: Treeininga, dette at Gud er tre og samstundes éin. Eg har lese mange lettvinne forklaringar på fenomenet, men sjølv har eg for lengst slege meg til ro med at det er og vert eit mysterium. For meg er ei slik innrømming ikkje eit nederlag, men heller ein aksept av at Gud er langt større enn eg kan fatte. Men så er eg kanskje også i ferd med å rista av meg det moderne menneske sin største tvangstanke, at alt må kunna forklarast?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 28. mai 2021

2. søndag i treeiningstida

Joh 3,26-30

Rolleforståing

Det er ikkje alltid like lett å forstå kva som er forventning av ein. I alle fall blir det vanskeleg, dersom ein blir ståande mellom fleire partar og kjenna på kryssande forventningar. I ungdomstida er det vel meir ein regel enn eit unntak å kjenna seg dregen mellom dei vaksne sine forventningar og jamaldringane sine forventningar. Ikkje så rart då at mange opplever ungdomsåra som ein meir eller mindre samanhengande rollekonflikt. Men det kan like godt skje seinare livet, på arbeidsplassen for eksempel. Mellomleiarar, for eksempel, har jo nærast i arbeidsavtalen sin at dei skal stå i eit evig krysspress mellom toppleiinga og medarbeidarane på golvet.

Johannes døyparen, som me møter i preiketeksten denne søndagen, var ein snodig kar på så mange måtar. Men ein ting var han betre på enn dei fleste: Han hadde ei trygg og god rolleforståing. Etter å ha opplevd stor merksemd og folketilstrøyming i lengre tid, gjer medhjelparane hans plutsleg ein dag merksam på at det har kome ein annan på banen som trekkjer alle folka til seg. Johannes kunne fort ha vorte både skuffa, vonbroten og bitter. Popularitetsfall kan vera alvorlege greier. Men Johannes var ikkje *der* i det heile. Han kjente si rolle. Han visste kva som var målet med det han dreiv med. Han skulle gjera arenaen klar for han som skulle koma etter han og som var mykje større enn han sjølv.

Det er lett å ha klare og gode mål for det ein driv med, men det er også lett å spore av under vegs og bli meir oppteken av middela eller prosessen enn sjølv målet. Historiebøkene er fulle av slik fortellingar, om folk som til slutt vart såande i vegen for sjølv målet. Årsaka er veldig ofte den same, at ein vert meir oppteken av eigen posisjon enn av dei overordna verdiane. Den som har ei god rolleforståing veit å posisjonere seg så han ikkje vert ståande i vegen. Ei rolle i fellesskapet, uansett kor viktig me meiner at ho er, er uansett berre noko me har på lån, noko me forvaltar. Og når sant skal seiast, og det skal det jo, så er ikkje dei ulike rollene så ulikt viktige som me ofte trur. Men for Johannes døyparen var det likevel ikkje tvil: Han som kom etter var ingen ringare enn Jesus sjølv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 4. juni 2021

3. søndag i treeiningstida

Joh 1,35-51

I følgje

Eit følgje kan vera så mykje. Før, når ein framleis brukte beina for å koma seg fram, kunne ein høyra folk seie: «Skal me ta følgje til butikken?», om ein ville ha nokon å gå saman med, og gjerne prata litt med på vegen. Om nokon derimot omtala eit anna menneske som «ho eg har følgje med» så var det synonymt med å vera eit kjærastepar på rask veg til å verta trulova. Men oftast handlar eit følgje om fleire personar i lag, som i eit brudefølgje eller eit gravfølgje. Men å følgje kan også handla om å gje si tilslutning til noko eller nokon. «Eg følger siste talar i dette spørsmålet», kan det bli sagt i eit kommunestyremøte, medan ungdomane seier at dei følgjer ein eller annan på Instagram.

Å følgja Jesus, har litt av alt dette i seg. Det handlar om å ikkje vera aleine, å oppleva at ein har ein å gå livsvegen saman med og vera i dialog med. Det handlar også om å ha ein å sjå opp til, eit førebilde

som ein let seg både oppmuntre og prege av. Det kan også handle om at han er den som ein gjev si tilslutning til sånn reint ideologisk.

Samtidig så vil ein kvar som byrjar å følgja Jesus oppdaga at ein ikkje er aleine med å følgja han. I dette følgjet er det mange slag folk. På den eine sida kan dette gje ei oppleving i fellesskap, men på den andre sida kan det vera litt skremmande. For i dette følgjet er det mange slag meiningar og mange livsformer. Ikkje så reint få menneske har teke beina fatt og gått i ein annan retning når dei har oppdaga dette. Men for den som har halde ut og halde blikket på Jesus, så har det vorte til ei god trening i at livet kan vera ganske så mangfaldig, og at det ikkje så reint sjeldan kan vera noko viktig å snappa opp frå annleis tenkande også.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 11. juni 2021

4. søndag i treeiningstida

Matt 16,24-27

Sjølvkontroll

Å ha kontroll på seg sjølv, kan handla om så mykje. I første omgang er det lett å tenkja at det må handla om å klara å styra impulsane sine i ein pressa situasjon, slik at ein ikkje gjer ting ein vil angra på etterpå. Men sjølvkontroll kan like gjerne vera ein langvarig prosjekt. Kanskje brukar me då heller ordet «sjølvdisiplin», men saka er den same, å handla etter overordna mål og verdiar, i staden for gje etter for det ein har mest lyst til her og no. Alle som har teke ei utdanning veit noko om dette. Alle som har pussa opp eit hus, ein bil eller ein båt, veit noko om dette. Det blir liksom ikkje noko resultat der framme, om eg ikkje i kvardagen klarar å kontrollera lysta til å slappa av og ta livet med ro. Men det går også den andre vegen. Det vert ikkje noko godt liv, om eg ikkje klarar å kontrollera ambisjonane mine, om eg heile tida må vera «best i klassen» og aldri kan unna meg ein pust i bakken.

Sjølvkontroll handlar om sjølvleiing, og det er den vanskelegaste forma for leiing. Som i all anna leiing handlar det om å vita kva ein vil og arbeida målmedvite. Men leiing handlar også om å heile tida måtta korrigera både mål og innsats etter kvart som det dukkar opp forstyrrende ting og endra føresetnader. Sjølvleiing startar med å finna ut kven eg vil vera i den store samanhengen, i dei nære relasjonane og i mitt eige liv. Det neste steget er å finna ut kva eg må gjera for å nærma meg målet. Og så handlar det altså om å finna ut korleis eg likevel kan klara å halda fast på det viktigaste, når det viser seg at eg likevel ikkje heilt får til det eg hadde tenkt.

Sjølvkontroll handlar altså om å akseptera at ting ikkje alltid vart slik ein hadde tenkt, utan å gje opp målet. God leiing handlar ofte om å seie nei for å kunne seie ja til noko som er viktigare. Slik er det med god sjølvleiing, også. Nokre mål let seg ikkje nå utan at ein er villig til å seie nei til seg sjølv i blant.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 18. juni 2021

5. søndag i treeiningstida

Matt 7,21-29

Å stå støtt

Det vert ofte halde fram som eit ideal å stå støtt. Men kva vil det eigentleg seia å stå støtt? I nokre situasjonar trur eg det å stå støtt er det same som å vera urokkeleg. Når nokon prøver å lokka eller pressa meg til å gjera noko som eg ikkje meiner er rett, til dømes, så vil det å stå fram som urokkeleg vera eit uttrykk for at eg står støtt og er trygg på det eg står for. Men det finst absolutt situasjonar der det å vera urokkeleg er det rakt motsette av det å stå støtt. Når eg til dømes har låst meg fast i eit urokkeleg tanke- og handlingsmønster fordi eg ikkje vågar å tenka nytt, då er det urokkelege tvert om eit uttrykk for at eg ikkje står støtt, men at eg treng ei krykke for å bli ståande i det heile. Når menneske bli urimeleg bastante og firkanta i sine haldningar, så er det ofte uttrykk for akkurat dette, at ein innerst inne er både usikker og utrygg. Så kompenserer ein ved å laga seg eit ytre forsvarsverk av strenge reglar og bombastiske syn på ting, ei krykke.

Å stå støtt handlar om å vera trygg i sine grunnleggjande verdiar. Å vera trygg på kva ein djupast sett står for er den beste hjelpa til å ikkje gå i vingle-grøfta på den eine sida eller fundamentalist-grøfta på den andre sida. Den som står støtt på dei grunnleggjande verdiane sine, kan ta seg tid til å både grunde og reflektere over eit spørsmål, utan at dette vert trugande. Refleksjon og det å vera open for andre sine innspel er ikkje å vingle, men å ta både seg sjølv, den andre og situasjonen på alvor. Vingling er å ikkje i det heile teke vite kvar ein kan stå støtt, noko som fort kan føre til at ein byrjar å leve eit både dobbelt og trippelliv med ulike standardar for ulike situasjonar. Løysinga er altså ikkje å bli regelryttar og pakke det usikre inn i eit ytre skal av moral. Å stå støtt er å vere urokkeleg i det umistelege og samtidig vera open for at det umistelege kan få nye og heilt andre praktiske uttrykk en det eg i første omgang hadde fantasi til å førestille meg.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 25. juni 2021

Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida

Matt 16,13-20

Eit levande hus

«Kyrkja ho er eit gamalt hus», syng me i ein kjent salme. Ser me på kyrkjebygga her i Vest-Telemark så stemmer nok det for alle saman, med unntak av Skafsåheii fjellkyrkje. Storparten av kyrkjene er bygde i andre halvdel av 1800-talet, medan eit par av dei, Kviteseid gamle kyrkje og Eidsborg stavkyrkje, er frå midten av 1200-talet.

Men kyrkja er langt meir enn kyrkjebygg. Kyrkja, i vid tyding, er både eldre og yngre enn alle kyrkjebygg. Eldre fordi ho vart grunnlagt på Jesu tid, og ja, han hadde ikkje så reint lite med den saka å gjera. Men kyrkja er også yngre enn alle kyrkjebygg, fordi ho er ny kvar einaste dag nokon tek eit nytt initiativ til å formidla evangeliet til andre menneske eller samlast til gudsteneste.

For at me skulle koma til tru, vart det innstifta ei særleg teneste med ord og sakrament. På mange måtar kan prestetenesta sporast tilbake heilt til Jesu samtale med Peter i den teksten som er preiketekst denne søndagen. No skulle det ikkje gå lange tida før apostlane skjønna at dei ikkje rakk over alt som burde gjerast, og dei valte å oppretta ei ny teneste, diakontenesta. Samtidig auka det på

med mange frivillige som gjorde ulike tenester på sida av anna arbeid. Slik har kyrkja levd og vakse i 2000 år.

Mange av kyrkjebygga er eit syn for auga, men ikkje nokon av dei kan måla seg med den levande kyrkja som fyller bygga. I alle fall når ho er på sitt beste.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 2. juli 2021

7. søndag i treeiningstida

Luk 19,1-10

Å sjå forbi

Å oversjå noko, kan ha store konsekvensar. Det kan handla om trivielle ting som å oversjå det som står med lita skrift i ein kjøpekontrakt eller å oversjå eit parkeringsskilt. Men det kan også handle om å oversjå eit anna menneske som treng å bli sett, eller å oversjå den uretten som ikkje rammar ein sjølv, som Arnulf Øverland minna oss om.

Å sjå forbi, er noko anna enn å oversjå. Medan å oversjå ofte er ei umedviten handling eller eit utslag av å vera feig, er det å sjå forbi oftast ei medviten og aktiv handling. Å sjå forbi noko, kan nemleg ofte handle om å velje å sjå eit større bilete. Det er fort gjort å stira seg blind på det som særmerker eit anna menneske, anten det handlar om klesdrakt, hudfarge, spesielle vanar, eit handikap eller ein uvanleg dialekt. Men ingen menneske er hudfargen, dialekten eller handikapet sitt. Alle er så mykje meir enn det som er synleg ved første augnekast.

Då Jesus møtte Sakkeus, valte han å sjå forbi det alle andre hadde festa seg med, at Sakkeus var ein korrupt statstenestemann. Jesus oversåg det ikkje, men han valte å sjå forbi det, for å få auge på mennesket Sakkeus. For Sakkeus er det dette som vert det store vendepunktet, at han vert sett for kven han er. Han er fullt klar over eigne feil og manglar, og han veit at Jesus veit. Men ved å bli sett for den han er, får Sakkeus mot og styrke til å rydde opp i eige liv.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 9. juli 2021

8. søndag i treeiningstida

2. Kor 8,9-15

Ansvar og privilegium

Overskot eller underskot kan handla om så mykje. Det første me kanskje tenkjer på er pengar. Raude tal i rekneskapen er ikkje bra, i alle fall ikkje over tid. Overskot og underskot kan også handla om korleis me kjenner oss, om energi og initiativ. Noko statisk greie er det heller ikkje. Nokre dagar kan me kjenne at me har flust av overskot, andre dagar kan me føle oss heilt tappa.

Spørsmålet om overskot og underskot er heller ikkje eit svart-kvitt spørsmål. Eg kan til dømes ha så mykje overskot av eigedom, at eg ikkje veit korleis eg skal rå med alt. Få ting kan tappa ein meir for

krefter enn bygningar som står og skrik etter vedlikehald. Eller om eg har overskot av god mat og drikke, og ikkje klarar å styre meg, ja, så er det ikkje lenge før kroppen byrjar seie i frå om at dette ikkje er heilt sunt.

Det er eit privilegium å ha overskot. Men det er også eit stort ansvar. I utgangspunktet ber jorda mat nok for alle. Fordelinga oss menneske i mellom er likevel slik at det går på helsa laus både for dei som har for lite og dei som har for mykje. I område med underskot florerer mangelsjukdomane. I område med overskot tek livsstilssjukdomane stadig fleire liv.

No skal det ikkje stikkast under ein stol at fordelingss spørsmål ikkje alltid er dei lettaste å finne gode svar på, og at rettferd ikkje alltid er lett å sjå likt på frå ein kvar ståstad. Men om me kunne øvd oss på å tenka at me alle har det best om me har det me treng, og at overskot medfører eit stort ansvar overfor dei som har underskot, ja, så ville me vera på god veg mot ei betre verd.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 16. juli 2021

9. søndag i treeiningstida
Joh 8,2-11

Nåde, unåde og nådelaust

I daglegtalet er «nåde» eit lite brukt ord, og mi erfaring er at ungdom i liten grad kjenner tydinga av ordet i det heile. Difor må det forklarast kvar einaste haust når me tek i mot nye konfirmantar. For i kristen tru står ordet så sentralt at me umogeleg kan klara oss utan. Men korleis kan me forklara ordet «nåde», slik at det vert forståeleg for menneske av i dag?

Ironisk nok er ordet «nåde» lettast å forklara ved å ta utgangspunkt i to ord som handlar om at nåden er borte. Det er orda «unåde» og «nådelaust». Ikkje berre er desse orda meir i bruk i daglegtalet, dei rommar også erfaringar som dei fleste menneske sit med.

Det er mange måtar å hamna i unåde på. Ein vanleg måte er at ein har gått på tvers av rådande forventningar i eit fellesskap. I staden for klare tilbakemeldingar, så vert unåden formidla gjennom kjølige blikk, kritiske kommentarar og uendeleg med små signal om at ein ikkje er velkommen lenger som den ein er.

Nådelause handlingar dreiar seg om det same, altså om at alt det romslege og overberande er borte, og at det berre er knallharde og ufråvikelege reglar tilbake.

Nåde er det motsette av unåde og det nådelause. Nåde er å bli møtt av nokon som ønskjer å forstå, som er villige til å sjå litt romsleg på ting og ikkje minst lar meg få ein ny sjanse til å gjera det betre neste gong.

Fordi me er menneske, med feil og lyte, så treng me alle å bli møtt med nåde frå tid til annan. Er det noko som kjenneteiknar Gud, så er det dette at han er full av nåde. Er det noko som kjenneteiknar eit godt og sunt kristent fellesskap, så er det dette at alle der vert møtte med nåde.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 23. juli 2021

10. søndag i treeiningstida

Matt 18,21-35

Miskunn

Miskunn, eller barmhjertighet som bokmålsfolket kallar det, er ein av dei høgast rangerte verdiane innan kristen tenking. Miskunn er å vera villig til å sjå ei sak frå den andre sin synsvinkel og prøva å kjenna på korleis det er å vera i den andre sine sko. Utan miskunn er det lett å ta avstand frå andre menneske sine haldningar og handlingar. Men når ein tek seg tid til å leva seg inn i den andre sin situasjon, «byta hovud» så og seia, så blir det ikkje like lett å vera hardhjarta.

Ingen av oss lever så ukompliserte liv at me ikkje treng at andre viser oss miskunn frå tid til annan. Nokre gonger vert det innfridd, andre gonger møter me hardhjarta menneske som ikkje er viljuge til å sjå kva me treng. Både desse erfaringane er det viktig at me brukar til det gode, at me tek konsekvensen av at me med vår måte å vera på kan bety ein stor forskjell i andre menneske sine liv. Det var dette den danske filosofen Knud Løgstrup var inne på då han skreiv at «den enkelte har aldri med et andet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd».

Når alt kjem til alt, er det ingen som har vist oss større miskunn enn Gud. Han treng på ingen måte vår miskunn tilbake, men han ønskjer at me skal gje det vidare. Slik vert det å visa miskunn ei heilag handling.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 30. juli 2021

11. søndag i treeiningstida

Mark 2,23-28

Fri!

Ferietida går mot slutten for denne gong, og dei fleste opplever at livet er på veg inn i meir vante former. Dei første dagane på arbeid etter veker med fri, kan nokon gonger vera litt tyngre enn arbeidsdagar flest, rett og slett fordi kroppen har innstilt seg på å ha fri, eller i alle fall vera i eit anna modus. For det er jo ikkje sikkert at ferie er det same som å vera fri. Mange har kanskje fleire forpliktingar når dei har ferie. Det kan vera forventningar frå slekt og vener som reknar det som rimeleg å få besøk. Det kan handla om ektefelle og barn sine forventningar om ulike aktivitetar. Og så var det alle desse vedlikehaldsoppgåvene, då, som det alltid er lett å skyva på til ferien.

Kva er det egentleg å vera fri? Er det å vera utan forpliktingar? Neppe. For den som er utan nokon form for forpliktingar, vil fort kjenne seg på sida av samfunnet og byrja å tru at ein er utan verdi. Å vera forplikta til fellesskapet, er med på å gje meining til tilværet, så fridom må vera noko anna.

Etter kristen tenking er fridom å vera fri til å gjera det som er rett, sant og godt for både ein sjølv og medmenneska. Ufri vert ein først når ein ikkje lenger kjenner seg i stand til å gjere det gode, anten fordi nokon pressar ein til å gjera det som ikkje er rett, eller fordi eins eige fokus har blitt så snevert at ein berre ser kva som er godt for ein sjølv. Den beste vegen til å bli fri er å heve blikket, sjå den større samanhengen og avvise autoritetar som kjem med anna enn det som godt er.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 6. august 2021

12. søndag i treeiningstida

Luk 8,1-3

Frivillig

Kva er det som lettast får deg til å setje i gang med noko? Er det plikt eller lyst? Det finst sjølvsagt ikkje noko fasitsvar på dette. Situasjonane kan vera forskjellige, og så er også me menneske forskjellige. Nokon har ei meir utvikla pliktkjensle, medan andre let seg lettare riva med av berre lyst. Det vil vera feil å setja plikt opp mot lyst, og seia at det eine er rettare enn det andre. For at fellesskapet skal fungera, er det viktig at me står fast ved ting me har lova, at me utfører det me har forplikta oss til, sjølv om det der og då ikkje er det me har mest lyst til. Samstundes er det ikkje tvil om at det er lettare å yta noko ekstra når det me skal gjera er prega av lyst.

Ordet «frivillig» er sett saman av orda «fri» og «villig». Heilt frå Jesu tid har kyrkja vore driven framover av frivillige, av menneske som var både villige og frie til å gjera ein innsats. Her ligg faktisk nøkkelen til å forstå korleis det som starta med ein snikkerson og tolv læresveinar kunne bli ei verdsvid rørsle som er meir livskraftig enn nokon gong 2.000 år etter. Det var tenesteviljen og iveren som dreiv det heile fram. Folk frå alle samfunnslag slutta seg til, og ikkje minst: Kyrkja mobiliserte kvinnene! Sjølv om det var aldri så uvanleg på Jesu tid, så dukka dei opp i meisteren sitt følgje, og bygde saman med mennene opp ei frivillig teneste som den dag i dag er den som ber kyrkja.

Når nokon brenn for noko som er positivt, så er det lurt å gje dei det rommet dei treng for å realisere entusiasmen sin. Sett dei villige fri! Det dummaste ein kan møte eit engasjement med er å seie at «slik har me då aldri gjort det før». Den dårlegaste måten å forvalta ditt eige potensiale på, er å la heile dagen bli styrt av pliktkjensla. Du skal sjølvsagt ikkje forsøme pliktene dine. Men du verda så frigjerande det er å også å ha tid til det som er prega av både lyst og mening.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 13. august 2021

13. søndag i treeiningstida

Luk 12,41-48

Ansvar

Det finst mange ulike former for ansvar. Arbeidsgjevarar har ansvar for arbeidstakarane sine. Foreldre har ansvar for borna sine. Eigarar har ansvar for eigedomen sin. Som samfunnsborgarar har me ansvar for å betale skatt, velje dei rette politikarane til å styre og sjølv følgje lovar og reglar.

Men som kristne, har me eit særleg ansvar? Både ja og nei. Jesus minna oss stadig om å visa andre menneske miskunn, om å halde oss til sanninga, og om å fremje rettferd og fred. I tillegg bad han oss om å forvalte alt me rådde over til beste for fellesskapet, i staden for å heile tida grava til oss sjølv. Dette er eit stort ansvar som den som vil vera tru mot sitt kristne livssyn bør ha framme i tanken heile tida. Samtidig så er ikkje den som ikkje trur friteken frå ansvaret. For denne tenesta for fellesskapet er lagt inn i sjølv skaparverket, og korleis me forvaltar dette ansvaret skal me svara for

ikkje berre overfor Gud, men like mykje overfor samfunnet og slektene som følgjer etter oss. Difor må eit kvart menneske ta ansvaret sitt på alvor, og den som er mykje tiltrudd, av han skal det krevjast dess meir.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 20. august 2021

Vingardssøndagen / 14. søndag i treeiningstida
Luk 17,7-10

Skuldig i å tena

Stadig oftare høyrer eg folk som grunngjev både det eine og det andre med at dei synest dei kan gjera det «fordi dei fortener det». Ofte handlar det om forbruk av ulikt slag. Men det kan også handla om noko så enkelt som å liggja og lata seg. Truleg stammar dette argumentet frå ein gamal tanke om at det må vera samsvar mellom å yta og å nyta, og gjerne at ein først må yta før ein kan nyta.

I kristen tenking ser det ikkje heilt slik ut. For Gud sit ikkje avventande for først å sjå om me fortener noko. Nei, Gud deler ut gåvene sine før me ha rukke å gjera noko som helst. Derfor er det aldri *Han* som kjem i skuld til oss men me som skuldar Gud. Og kva er det så me skuldar? Her er Bibelen eintydig: Fordi Gud har elska oss, skuldar me å elska kvarandre. Omsett i aktiv handling handlar dette i realiteten om å tena Gud ved å tena kvarandre i fellesskapet.

Å nyta livet og å lata seg litt innimellom, er ikkje noko ein skal ha dårleg samvit for så lenge det ikkje får ein til å gløyma tenesta for fellesskapet. Når me har fått alt skuldar me også å bruka det til det beste, ikkje berre for oss sjølve.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 28. august 2021

15. søndag i treeiningstida
Luk 10,38-42

Strev og uro

Nokre gong kjennest livet som eit strev, og med strevet følgjer ofte også uroa. I slik stunder spør me oss korleis me skal rekke over alt, korleis me skal ha råd til det det kostar, korleis me i det heile teke kan gripe det an. Andre gonger kan uroa kome heilt aleine, utan at det eigentleg er noko som står på, nærast som ei kjensle av at no er det stille før stormen.

Strev og uro er noko som høyrer livet til, og ikkje noko ein skal skamme seg over. Tvert i mot er det noko ein skal anerkjenne på ein slik måte at ein også er viljug til å ta i mot hjelp, om nokon er viljuge til å vere med på å dele børa med ein. I staden for å svare at «jo, takk, alt går berre bra», så er det lov å seie at «no er det faktisk ganske tungt», om det er dette som er sanninga.

Strev og uro er veldig energi-krevjande. Difor skal ein heller ikkje ordne seg med meir strev og uro enn det som er naudsynt. Ja, for sjølv om kanskje det meste av strev og uro som me opplever kjem ramlande utan at me har bedt om det, så er det ikkje til å stikka under ein stol at det fint ganske

mykje strev og uro som me også har skaffa oss sjølve. Dette skjer når me tek på oss urealistisk mykje, både av gjeremål og av pengelån. Dette skjer også når me prøver å gjennomføra ting på ein unødvendig perfeksjonistisk måte.

Jesus snakka om å velja den gode del, å velja refleksjonen, dei lange tankane og det vide blikket, i staden for å stira oss blinde på alt ein meiner at ein bør gjere allereie i går. Samtidig så var han fullt klar over at livet også byr på strev og uro som er heilt uråd å unngå. Difor oppmuntra han oss også til å dela bøkene med kvarandre.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 3. september 2021

16. søndag i treeiningstida
Matt 5,10-12

Ei forfølgd kyrkje?

Heilt frå kyrkja sine første år, har dei kristne vorte forfølgde. Dette kan me lesa om i Det nye testamentet og i historieboekene. På mange måtar vart det frå starten av ein del av den kristne kyrkja sin identitet dette å kjempa ein rettferdskamp mot vonde styresmakter. Seinare i historia kom det periodar der kyrkja og styresmaktene ikkje berre levde fredeleg med kvarandre, det var også periodar der kyrkja vart brukt som reiskap for styresmakter med blanda motiv. Ikkje alle eksempla frå desse periodane tener kyrkja til ære.

På mange måtar kan ein seia at kyrkja står seg best i opposisjon til makta, når ho trass i spott og forfølgning kjempar kampen for rettferd, sanning og fred, slik ho gjer mange stader i verda i dag. Samtidig har det aldri vore eit mål i seg sjølv for kristne å setja seg i ein offer-posisjon. Der kyrkja og styresmaktene kan leva i fred og respekt for kvarandre, er det utan tvil det beste, ikkje minst for folket. Men for å få til dette krevst det ein open og ærleg samtale, utan skjulte maktspel. Skal eit fleirkulturelt samfunn som vårt kunna oppnå eit slikt mål, må det vera livssynsøpe. Det vil seie at livssyn vert sett på som ein ressurs og ikkje som eit problem. Dersom politiske eller kommersielle krefter tvingar fram ein livssynsnøytralitet som i praksis handlar om å gjera samfunnet sekulært, så er me fort tilbake til der me ein gong var. Demokratiet er ingen garantist for at ikkje totalitære haldningar kan få rom, med mindre fleirtalet ser verdien av mangfaldet.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 10. september 2021

17. søndag i treeiningstida
Luk 7,11-17

Når Gud gjestar oss

Det hender at eg møter menneske som seier at så lenge dei ikkje har sett noko til Gud, så kan dei heller ikkje tru at han finst. Eg respekterer sjølv sagt menneske som tenkjer slik, men har sjølv veldig vanskeleg for å forstå denne posisjonen. For meg stoppar alle forsøk på å tenkja ateistisk i det eg ser rundt meg: Naturen, universet, menneska, universet og mikrobiologien. Det blir rett og slett for vanskeleg for meg å tenkja at alt dette har blitt til heilt utan at det ligg nokon som helst vilje bak.

Så skal det seiast at eg oftare møter menneske som held døra open for at det finst ein skapar bak alt dette me ser rundt oss. Men svært mange av desse tenkjer samstundes at Gud likevel ikkje er relevant i dag, at det gjerne kan henda at han skapte, men at han i tilfelle var rask til å trekkja seg tilbake etterpå. Religionsvitarane kallar denne posisjonen for deisme, og mange som tenkjer slik grunngjev det ikkje minst med at ein allmechtig Gud umogeleg kan finnast innan rekkevidde så lenge det fint så mykje vondt i verda. Det går an å forstå ein slik tanke. Men når eg sjølv ikkje klarar å lande slik, så handlar det ikkje minst om at eg ikkje klarer å sjå for meg at det for Gud skulle vera mogleg å visa så mykje entusiasme for det å skapa, og så i neste omgang bli heilt likegyldig.

Dermed har eg sjølv berre ein mogeleg posisjon igjen, teismen, at Gud eksisterer uavhengig av vår verden, men likevel opererer innanfor vår verden. Dei mange underfortellingane i Bibelen er kanskje dei tydelegaste eksempla på korleis Gud både er heilag og nær på same tid. Men me kan oppleva det i våre eigne liv, også. Oftast skjer det i forbigåande glimt. Skulle du ønskja å lesa ei framifrå kvardagsleg skildring av korleis det kan ta seg ut når Gud gjestar oss, så skal du finna fram Jakob Sande sitt dikt «Då Gud heldt fest i Fjaler». Men om du tenkjer etter, så kan det henda at du har like sterke opplevingar sjølv, også?

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 17. september 2021

18. søndag i treeiningstida

Matt 8,5-13

Tru

Det finst mange slag tru. Urokkeleg tru er ei av dei. Då finst det ikkje fnugg av tvil. Saka er opp og avgjort. Men så finst det også tru som rommar tvil i bøtter og spann. Då kan det vera slik at når alt kjem til alt så er det kanskje meir eit ønskje om å tru det, enn at ein faktisk gjer det.

Kva tru er så den kristne trua? Er ho lik den urokkelege trua? Eller er ho meir som eit ønskje om å kunne tru det?

Den kristne trua kan arta seg på så mange vis. For nokre menneske kan nok trua vere heilt utan fnugg av tvil. Men for dei fleste vil nok trua oftare ha nært følgje av tvilen. Faktisk er det ikkje noko mål i seg sjølv å ha ei urokkeleg tru. Om trua ikkje er større enn eit sennepsfrø, så kan ho flytta fjell, seier Jesus. Difor er det langt viktigare å ha eit urokkeleg håp enn å ha ei urokkeleg tru. For håpet kan romma både trua og tvilen, og samstundes gje meg både livsmot og vilje til å gjera det som er godt for andre.

Når alt kjem til alt så finst det kanskje ikkje noko sterkare tru enn den trua som heile tida vågar å håpa. Så lenge det er håp er det liv! Det trur no eg!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 24. september 2021

19. søndag i treeiningstida

5. Mos 30,11-15

Gud i kvardagen

Er Gud nær eller fjern? Det finst ikkje noko enkelt svar på dette spørsmålet. For på den eine sida så er det ikkje vanskeleg å argumentera for at det er ein viss distanse mellom oss og Han. Er det ikkje det som ligg i dette at Gud er heilag, at han ragar langt over oss i alle ting? Samtidig er det heller ikkje vanskeleg å argumentera for at Gud er nærare oss enn nokon annan. Er det ikkje dette som ligg i at Han kjenner alt i alle?

Kan så desse to perspektiva haldast saman på noko vis? Kan Gud vera både fjern og nær på same tid? Absolutt! Men for å få eit glimt av det, så må ein venja seg til å sjå det store i det små. Når eg ser menneske som set seg sjølv til sides for å støtta og hjelpa andre, er det ikkje då eit glimt av det guddomlege eg ser? Eller dei gongane eg sjølv klarar å gjera det som er rett og sant, er det ikkje då Gud som har påverka meg ved sine bod som han har latt gå gjennom generasjonane og som difor også vart ein del av oppdragelsen min?

Gud er den same både til kvardags og fest. Men nokon har lettast for å få auge på han til orgelbrus i utsmykka kyrkjebygg, medan andre ser han lettare i kvardagen i levd liv. Det eine er ikkje betre enn det andre, men alle kan ha glede av å trenast seg på å sjå meir. Rett nok har ingen av oss sett Gud slik ansikt til ansikt. Men me kan stadig sjå gjerningane hans og høyra orda hans. Meir kan me ikkje ønska oss så lenge me lever her. Men det er likevel rikeleg, om me trenast oss på å sjå det!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 1. oktober 2021

20. søndag i treeiningstida

Matt 10,2-9

Liv og lære

At det ikkje er samsvar mellom liv og lære, er noko av det verre ein kan verta skulda for i samfunnet vårt. Men er det no så sikkert at det er så gale om det skulle bli litt sprik mellom liv og lære innimellom? Er det ikkje slik det er å vera menneske, at me ikkje alltid klarar å leva opp til alle standardar, heller ikkje våre egne?

Eigentleg finst det vel berre tre alternativ om ein skal leve slik at det alltid er samsvar mellom liv og lære. Det første alternativet er å gjennomført møte ein kvar situasjon som regelryttar. Det andre alternativet er å forkaste eit kvart prinsipp og følgja lysta i ein kvar situasjon. Det tredje alternativet er å ikkje ta stilling til noko som helst og samtidig gjere minst mogeleg. Alle tre alternativa verkar å vera relativt dårlege.

Skal ein leva eit ærleg liv, kjem ein ikkje utanom at det i enkelte situasjonar må bli avstand mellom liv og lære. Ikkje minst skjer dette når to normer kjem i konflikt med kvarandre. Må eg lyge for å berge eit anna menneske sitt liv, så lyg eg. Å lyge er ikkje noko eg står for eller vil promotera. Tvert i mot, eg vil hevda at det er både etisk gale og øydeleggjande for samfunnet. Men om eit anna menneske sitt liv står på spel, så får det heller bli sprik mellom liv og lære.

Slik trur eg det var Jesus tenkte også når han snakka om ekteskap og skilsmisse. Det finst situasjonar der det einaste rette er å gå ut av eit ekteskap, for at ikkje noko verre skal skje. Men denne erkjenninga er ikkje nok til at ein på generelt grunnlag skal forkaste tanken om det livslange ekteskapet og innføre seriemonogamiet som standardvariant for samliv i samfunnet.

Ekteskapet er Guds gode gåve. Også dei som prøvde og mislukkast skal ha for at dei prøvde. For også her gjeld det at den som «intet våger intet vinner».

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 8. oktober 2021

21. søndag i treeiningstida

Luk 16,19-31

Å sjå dei andre

At alle vaksne menneske må ta ansvar for sine eige liv, er det mykje sant i. Dei som gjer det til vane å leggja all skuld for eigen motgang på alle andre enn seg sjølv, vil fort oppleva at folk trekkjer seg unna. For kven vil vel vera søppelkasse og skyteskive for menneske som ikkje klarar å handtere eige liv.

Samstundes er det verdt å spørja om dette er heile sanninga. Er det berre eg som har ansvar for meg? Og er det berre meg sjølv eg har ansvar for? I vårt gjennomregulerte samfunn finst det mange lovar og reglar som fortel oss om ansvarsforhold som går lenger enn til oss sjølve. Foreldre har ansvar for borna sine, arbeidsgjevar for arbeidstakarane sine, og Nav har eit visst ansvar for både arbeidslause, sjuke og eldre. Men er då alt sagt? Dersom eg følgjer opp dei forpliktingane lova krev, og eg til dømes aldri let nokon liggja att i ein hjelpelaus tilstand, har eg då alt på det tørre og kan nytta resten av merksemda mi på meg sjølv?

Nei, å vera eit sosialt ansvarleg menneske, handlar om noko meir enn å gjera eit minimum av det eg pliktar. Å vera eit medmenneske handlar om å sjå den andre og prøva å setja seg inn i korleis den andre har det. Det inneber ikkje å utsletta seg sjølv, men det inneber å sjå korleis me i fellesskap kan få det betre når me nyttar ressursane våre saman. Føresetnadane i livet snur fort. Den som har overskot til å hjelpa i dag, kan vera den hjelpetrengande i morgon.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 15. oktober 2021

22. søndag i treeiningstida

Joh 12,35-36

Born av lyset

Det går raskt mot mørkare tider. No er det mørkt når ein står opp om morgonen og mørkt før Dagsrevyen startar på kvelden. Om ei veke skal me stilla klokka til vintertid og då vert det endå tidlegare mørkt på kveldane.

Vedfyring og stearinlys er gode mottiltak på mørke kveldar, så mørket ikkje siv inn under huda. For det er ikkje til å koma utanom, at det er lettare å sjå mørkt på ting når dagane er korte og nettene er lange, enn på lange sommardagar.

Då Jesus tala om å vera born av lyset, så tenkte han neppe på vedfyring og stearinlys, men meir på korleis me tenker og handlar mot kvarandre. For når alt kjem til alt, så kan me sjølv velja korleis me vil sjå på dei me har rundt oss. Om eg for mitt indre auge teiknar eit mørkt bilete av naboen min, søskena mine eller ektefellen min, så vil det prega måten eg møter dei på. I neste omgang vil måten eg møter dei på prega korleis dei ser på meg og måten dei møter meg på. Om eg let mørket siva inn gjennom huda og prega tanken min, er det ikkje lenge før det siv vidare ut i omgangskretsen min og pregar fellesskapet.

Dette betyr likevel ikkje at eg for mitt indre auga skal teikna eit naivt og usant bilete av dei eg har rundt meg. Nei, det er sanninga som set fri! Men me har alle både gode og ikkje fullt så gode sider. Å prøva å få fram dei beste sidene i kvarandre er det beste bidraget kvar enkelt av oss kan gjera for å byggja eit godt samfunn. Ikkje noko er meir skadeleg for eit samfunn enn utanforskap. Ikkje noko anna motverkar utanforskap betre enn å sjå det gode i kvarandre og stadfesta dette.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 22. oktober 2021

Bots- og bønnedag

Luk 18,9-14

Høgt og lågt

Draumen om å koma seg fram i livet og få til noko, er det i seg sjølv ikkje noko gale med. Me hadde neppe hatt den velferdsstaten som me har i dag utan innsatsen til dei ærgjerrige som hadde tru på prosjekta sine og som gav alt for å få det til. Nokre av dei tente gode pengar, andre fekk namnet i historiebøkene eller statue av seg på torget. Ærast den som ærast bør!

Samtidig så hadde me nok heller ikkje hatt den velferdsstaten som me har i dag om det ikkje i generasjonar har vore eit politisk mål å byggja ned klasseskiljet i samfunnet. Det er først når alle, uavhengig av kva familie ein kjem frå, har same rettar, plikter og gode at eit folk får realisert sitt fulle potensiale. Frå skapinga av var me nemleg alle likestilte i alt vårt mangfald. Å dela folk inn i høgt og lågt er menneskelege konstruksjonar som ikkje tener samfunnet, men som berre tilfredsstiller dei med ein usunn trong til å vinna på andre sin rekning.

Slik veit me eigentleg alle at det er. Samtidig så er det vel knapt nokon av oss som ikkje til tider fell for freistinga til å nedvurdera andre menneske. Det kan handla om dei som ikkje er så kunnskapsrike, dei som ikkje er så hyggjelege, dei som ikkje klarar å styre økonomien sin, dei som drikk litt meir enn oss, veg litt meir eller som ikkje har eit godt språk eller er fine i tøyet. Dei fleste av oss tenkjer at me ikkje er så primitive at me tenkjer nedsetjande om slike grupper, og det trur eg nok også langt på veg er sant. Men på ein dårleg dag, og i eit møte med ein av desse, kan det tenkjast at det likevel skin igjennom eit sjølvkonstruert hierarki hos meg som gjer at den andre kan få denne vonde kjensla av å bli sett ned på? Eg berre spør. For det er slike spørsmål ein bør spørja seg sjølv på bots- og bededag.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 29. oktober 2021

Helgemessesøndag / Allehelgensdag

Matt 5,13-16

Salt og lys

Når me i dag snakkar om salting, er det for gjort at tankane går i retning av vegsalting eller smakstilsetning. Men før fryseboksen si tid så var som kjent salting konserveringsmiddel nummer éin i norske heimar. Slik kunne ein ta vare på både kjøt og fisk i lang tid.

Men når Jesus seier at dei truande skal vera salt i verda, kva siktar han til då? Vegsaltinga var jo ikkje funnen opp, så det kan me i alle fall utelukka. Å strø salt i sår er definitivt ikkje noko kristen dyd, så det kan heller ikkje vera forklaringa. Så då står me altså att med konservering og smakstilsetning.

Mange vil nikke anerkjennande til at kyrkja til tider kan vere ganske så konservativ og dermed altså konserverande i forhold til mange spørsmål. Men var dette noko Jesus kjempa for? Det var vel ikkje akkurat typisk for han å gå rundt som ein gamal gubbe og mumle at alt var betre før? Men konservering og konservativ er ikkje nødvendigvis det same. Konservering av mat handlar jo framfor alt om å hindre at noko byrjar å rotne. Og her trur eg me nærmar oss det Jesus tenkte på. For det er stor forskjell på god fellesskapskultur og dårleg fellesskapskultur. Den som har prøvd arbeidsplassar med båe variantar veit noko om dette. Det skumle er at det ikkje alltid skal så mykje til før ein dårleg kultur kan utvikla seg der alt i utgangspunktet var berre fryd og godt fellesskap. Ei slik utvikling kan sjåast på som ein forrotningsprosjekt.

Ei slik dårleg utvikling i eit fellesskap kan også kjennast på at det blir kaldt og guffent der det tidlegare var varmt og triveleg, eller ved at det legg seg eit slags usynleg mørke over stemninga. Difor er det heller ikkje så unaturleg at Jesus held fram saltet og lyset som ideal for kristenlivet. Det handlar om på alle tenkelege måtar å bidra til å hindre at rote og formørking brer om seg i fellesskapet. Konkretiseringa vil sjå ulik ut frå tid til tid og frå stad til stad.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 5. november 2021

25. søndag i treeiningstida

Matt 14,22-34

Storm og stille

Vêret får landskapet til å ta seg ganske så forskjellig ut frå dag til dag. Nokre dagar kan Nisser og Totak liggje så blanke at fjella speglar seg i vassyta. Andre dagar kan vinden få bølgene til å slå langt inn over land. Nokre dagar kan det vere så stille i skogen og på vidda at du kan høyre ein fugl i lauvet langt unna. Andre dagar piskar regn og sludd mot kinna så ein reint angrar på at ein ikkje vart sitjande heime framfor vedomnen.

Slik er det i livet også. Nokre gonger skjer det ingen ting spesielt. Andre dagar stormar det. Men så er me menneske så ulikt samanskrudd at me reagerer ganske så ulikt på storm og stille. Sjølv om dei fleste kan like ein roleg dag, så er det ikkje så reint få som blir ganske så rastlause og byrjar å kjenna på vantrivsel om det skulle bli for stille for lenge. Nokre blir fort både stress og utilpass, om det skjer

for mykje og i alle fall dersom det som skjer er konfliktfylt, medan andre trivst best i stormen, i alle fall inntil eit visst punkt.

Eg trur det er ein samanheng mellom korleis me møter dagane våre og korleis me kjenner oss i forhold til fellesskap. Om eg kjenner meg einsam og forlatt, så kjennest det ekstra sterkt både på stille dagar og dagar det stormar. Men om eg veit at det er nokon andre som bryr seg om meg, ja, som likar meg som den eg er, så kan eg i langt større grad tole å vere uverksam på ein stille dag, og ikkje minst, eg kan tole å stå i stormen!

Noko av det fine med gudstrua er at ein kan våge å tenke at om alle andre skulle bli borte eller utanfor rekkevidde, så er eg uansett aldri aleine, korkje når det vert uuthaldeleg stille eller når stormen vil riva meg sund.

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 12. november 2021

Domssøndag / Kristi kongedag
Matt 25,1-13

Ingen kjenner dagen

Ingen kjenner dagen før sola går ned, seier eit gammalt uttrykk. I dette ligg at det kan vera lurt å vera mentalt førebudd på at ting kan endre seg fort. Det som kan sjå ut til å vera ein dårleg dag, kan til dømes vise seg å ende veldig godt. Kanskje kom nokon innom, eller kanskje fekk du melding om noko positivt slik på tampen før du hadde tenkt å gå til ro.

Når Jesus snakkar om at «ingen kjenner dagen», så handlar det om noko anna. Eller kanskje handlar det litt om det same. For når Jesus seier at ingen kjenner dagen og ingen kjenner timen, så siktar han til dagen då han skal koma att for å døma levande å døde. Siste søndag i kyrkjeåret, domssøndagen, handlar om denne dagen. Mykje har vore sagt og tenkt om denne dagen oppigjennom tidene, og ikkje alt har vore like klokt.

Det gode med domen, er at det ein gong for alle skal bli klart kva som var rett og gale, kven som var overgripar og kven som var offer. På denne dagen skal alle undertrykte få sin rett. Samtidig er Gud ein nådig Gud, som ikkje vender ryggen til nokon som er vendt til han.

Ingen kan vita når tida her på jorda er over, og me skal møte Jesus og stå overfor han med liva våre. Men slike møte kan også skje undervegs livet. Du hugsar vel den gamle skomakaren i novella til Leo Tolstoj, han som fekk heilagte besøk heile tre gonger på same dag utan at det gjekk opp for han før etterpå? Ingen kjenner dagen før sola går ned! Det er lurt å vera mentalt førebudd, og det er alltid lov å håpa på at det er noko godt i vente!

Første gong publisert i Vest-Telemark blad fredag 19. november 2021
